



Statens vegvesen Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/913 - 19/17146

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@meland.kommune.no

Dato:
16.08.2019

Vedtak om særskilt fartsgrense 50 km/t og 30 km/t - KV2146 Hoplandsvegen

Administrativt vedtak. Saknr: 180/2019

Saksutgreiing:

Meland kommune ønskjer å skilte KV2146 Hoplandsvegen med eksisterande fartsgrense 50 km/t frå hp1 til hp2, og med 30 km/t frå hp2 m 0 til hp 2m 360. Til no har heile Hoplandsvegen hatt fartsgrense 50 km/t. Ettersom delar av vegen ligg i bebygd område med korte avkjøyslar ut frå eigedomane, vil 30 km/t vera eigna fartsgrense i høve til trafikkisikring då det og ligg ein barnehage langs denne delen av vegen.

Vurdering

Hoplandsvegen er ca 1,6 km lang med smal vegbreidde på mellom 3 og 3,5 m. Vegen er tilkomstveg til bebuarar, samt til brukarar av ein privat barnehage. Det er ikkje veglys langs vegen. Meland kommune vurderar at delar av vegen bør skiltast med fartsgrense 30 km/t ettersom den er smal, svingete og uoversiktleg.

I samsvar med skiltforskrifta § 26 ba Meland kommune om uttale frå Vest politidistrikt og Statens vegvesen. Frist for uttale var satt til 03.07.2019. Det har ikkje vore merknader til høyringsbrevet frå Vest politidistrikt.

Statens vegvesen påpeikte i sin uttale av 12.06.2019 at strekninga bør skiltast med skilt 362.50, frå vegreferanse 1256 Kv2146 hp1 m0 til Kv2146 hp1 m745. Deretter med skilt 362.30 frå vegreferanse Kv2146 hp1 m746 til Kv2146 hp1 m1654. Det må også skiltas motsatt veg.

Skilt 362 er i tråd med utarbeidd skiltplan.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Vedtak

«I medhald av skiltforskrifta § 26 vert det vedteke å skilte fartsgrensa på KV 2146 Hoplandsvegen med skilt 362.50 frå vegreferanse 1256 Kv2146 hp1 m0 til Kv2146 hp1 m745. Deretter med skilt 362.30 frå vegreferanse Kv2146 hp1 m746 til Kv2146 hp1 m1654. Det må ogskiltas motsatt veg. Skilt vil bli satt opp basert på vedlagte kartskisse/skiltplan».

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Astrid Riise
Juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kartskisse Kv2146 Hoplandsvegen

Kopi til:

Paal Tonning

Mottakere:

Statens vegvesen Region vest
Vest politidistrikt

Postboks 43
Postboks 85

6861
6901

LEIKANGER
FLORØ